



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

SARTOR & DRANGE AS
Att.Tore Kvingedal
Postboks 374
5343 STRAUME

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1159-4	Jan Kvingedal	23.06.2026

Melding om delegert vedtak - Ett-trinns søknad - gbnr 52/63

Administrativt vedtak saknr.: 48/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse:	, Stien 2, 5984 Matredal	Eigedom gbnr:	52/63 og 52/64
Tiltakshavar:	KB CAMPUS MATRE AS	Søkjar:	SARTOR & DRANGE AS
Tiltakstype:	Riving av heile bygget	Søknadstype:	Ett-trinns søknad

VEDTAK

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 løyve til riving av bygningar på gbnr. 52/63 og 52/64. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Det skal sendast inn oppdatert avfallsplan saman med søknad om ferdigattest for tiltaket, der det tydeleg framgår kva for delar som vert nytta til gjenbruk og kva som vert levert til deponi.
- Detaljar for plugging av vass- og avlaupsleidning skal avklarast med driftsavg. til kommunen og det skal sendast inn ferdigmelding av røyrleggjar for desse arbeida.
- Det skal søkjast om ferdigattest når bygg og fundament er ferdig rive.

Erklærte ansvarsrettar for tiltaket

Funk-sjon	Foretak	Org.nr.	Tiltaks kl.	Ansvarsområde
SØK	Sartor og Drange AS	957213219	1	Søkjar
PRO	Bergen Eiendomsrådgeving AS	993801232	1	Prosjektering miljøsaneringsrapport
UTF	Sartor og Drange AS	957213219	2	Utføring riving og miljøsanering av eksisterande bygg

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.1.3	Basisgebyr bygg/næring	1	11.422,-
Totalt gebyr å betala			11.422,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING

Tiltak


Saka gjeld søknad om riving av eksisterande bygg på eigedommane gbnr. 52/63 og 52/64 på Matre.

Fakta

Bygg på 52/63 består av eit modulbygg/ brakkerigg og ein plassbygd brannstasjon med bygningsnummer 300537098 og 300537098-1. Desse bygga vart etablert om lag i 2015 og er

soleis relativt nye bygg. Bygget på 52/64 med byggingsnummer 9889310 består av ein lagerhall tidlegare nytta av BKK til lager og kontor og er teke i bruk i 1989.

Bygga har slik plassering:



Det er gjennomført miljøsaneringsskildring og gjort vurderinga kring gjenbruk av bygga. Det er og sendt inn førebels sluttrapport med avfallsplan, der ein har ført opp planlagt mengde avfall i dei ulike fraksjonane. Då bygga er relativt nye planlegg ein å gjenbruka store delar av dei, går det fram av miljøsaneringsskildringa.

Vurdering

Ein vurderer at miljøsaneringsskildring og vurdering av gjenbruk er i høve til krava i §9 i TEK17. Ein set som vilkår i løyve at det i endeleg sluttrapport må tydeleg framgå kva som er gjenbruka og kva som er levert til deponi som avfall.

Betong i golv og fundament må fjernast i si heilheit. Om ein vurderer gjenbruk av betong fri for armering, må det takast prøvar av betongen for å sikra at den då er fri for forureining og evt. kan brukast til fyllmasse.

Søklar opplyser at dei som evt. har pant i eigedommane er varsla om rivinga.

Kommunen legg søklar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Ein gjer ikkje vurderingar kring flaum, ras og støysoner då tiltaket gjeld riving.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til riving av dei omsøkte bygga jf. vedtaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/1159

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Sveinung Toft
ass.rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Kopi til:

KB CAMPUS MATRE AS